



SKULEMILJØPLAN

MÅL: FREMJA TRIVSEL OG GODT PSYKOSOSIALT MILJØ - FØREBYGGJA MOBBING
jf. opplæringslova kapittel 12

TILTAK:

1. ALLE SOM ARBEIDER VED SKULEN jf. §§ 12-4 og 12-5
 - set fokus på ein god start på eit nytt skuleår og tiltak som fremjar eit godt psykososialt miljø jf. 12-4 , der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhøyr
 - informasjon til foreldre og elevar om rettane etter § 12-4 aktivitetsplikta etter §§ 12-4 og 12-5 og om høvet til å melde saka til Fylkesmannen etter § 12-6 vert lagt på skulen si heimeside.
 - dei tilsette tek opp temaet mobbing ved starten av skuleåret og vurderer kvar det er behov for å følgja ekstra med t.d. stader på uteområdet, garderobar, toalett ev. andre skulerom, skuleveg, på nett eller sosiale medium.
 - dei tilsette vurderer når det er særleg behov for å følgja med t.d. overgangssituasjonar, aktivitetar eller fag. Det vert også vurdert om det er enkelte elevar som må følgjast ekstra opp.
 - får fram oppdatert informasjon om elevane. Lærarar frå barneskulen og lærarane til dei nye elevane ved skulen har møte om nye elevar.
 - går gjennom ansvarsoppgåvene til lærarane som har inspeksjon
 - understrekar det ansvaret alle tilsette har for å følgja med, gripa inn og stoppa eventuelle episodar gjennom heile skuledagen. Det kan vera knuffing, slåssing, negativ språkbruk, nedsetjande kommentarar, baksnakking, utestenging eller krenkingar på sosiale medium.
 - pliktar å varsle rektor dersom det er mistanke eller kunnskap om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Desse opplysningane kan koma frå elev, foreldre eller eigen observasjon. Meldeskjema ligg på heimesida til skulen.
 - skjerpa aktivitetsplikt gjeld dersom tilsette krenkjer, mobbar, trakasserer, diskriminerer eller utøver vald mot elevar. Dersom tilsette krenkjer, skal skuleeigar varslast.
 - skulen gjennomfører Spekter/Ikkje-anonym spørjegransking i november og mars for å avdekka det som skjer i det skjulte
 - skulen reagerer straks og undersøker alle saker der det er mistanke eller kunnskap om at ein eller fleire elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
 - når det viser seg at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, set skulen inn eigna tiltak jf. skulen sin mal for aktivitetsplan der tiltak, ansvar og evaluering av tiltaka er skildra. Saka må handsamast innan ei veke.
 - i tillegg til aktivitetsplan lagar skulen dokumentasjon på kva tiltak som faktisk er gjennomførde
 - evaluerer skulemiljøplanen om våren (før møtet i skulemiljøutvalet)
2. KONTAKTLÆRAR
 - fokuserer på temaet læringsmiljø og mobbing ved gjennomgang av ordensreglane om hausten
 - skaffar seg kunnskap om det sosiale miljøet og trivselen i klassen/gruppa gjennom elev- og foreldresamtalar, elevundersøkinga og Spekter



Leikanger ungdomsskule

- tek opp temaet klassemiljø og ser på skulen sine tiltak på første foreldremøtet i skuleåret
- ber foreldra vera med og bry seg om borna sine medelevar, at dei skaffar seg kjennskap til desse, og at dei er med og prioriterer det sosiale livet på skulen

3. REKTOR

- gjennomgår ordensreglane med dei nye elevgruppene ved skulen
- tek opp temaet inkluderande skulemiljø og mobbing i personalmøtet i starten av skuleåret
- temaet vert også teke opp på første foreldremøte for dei ulike klassestega, og foreldra vert invitert til samarbeid om trivselstiltak

4. ELEVANE

- kontaktlærer for elevrådet tek opp temaet skulemiljø og mobbing i elevrådet på første møtet om hausten
- elevrådsrepresentantane tek deretter opp temaet i klasse-/grupperåd
- elevrådet tek opp att temaet og evaluerer situasjonen ved slutten av kvar termin (haust og vår)

5. FORELDRA

- kan ta initiativ til tiltak som fremjar trivsel og eit godt psykososialt miljø
- tek kontakt om dei får kjennskap til elevar som vert utsette for mobbing og plaging

6. KAMERATSTØTTE

- der skulen finn det nødvendig, kan ein alliera seg med andre elevar både på skulen og på skulevegen

EVALUERING: Planen vert evaluert og eventuelt endra årleg på vårmøte i skulemiljøutvalet.